

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[855] N-30844. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [40].)

Innskrifta står på eit firkanta stykke av (kval)bein, 68 mm langt, 32 mm breitt og 13 mm tjukt. Gjenstanden er skoren til med avrunding i kvar ende, men har elles ingen merke eller spor som kan avsløra noko om bruk eller funksjon. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 5. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast arkeologisk til første halvdel av 1100-talet. Det er runer på ei av dei smale langsidedene. Innskrifta har berre to runer og er 6 mm lang. Runene er ca. 10 mm høge og er rissa med skarp reiskap. Lesemåten av innskrifta er sikker. R. 1 står i god avstand frå enden. Bogen dekkjer så godt som heile staven og må såleis sjåast som ein (ikkje uvanleg) variant av **p**.

p 1

p o

Innskrifta gir såleis ikkje særleg god meining. Om vi reknar med at det heile er noko som er påbyrja og har vorte kasta til sides utan å verta fullført, kan sjølvsagt sekvensen **po** sjåast som konjunksjonen *pó*. Men å postulera ei leddsetning innleidd på denne måten vil sjølvsagt aldri kunna bli anna enn spekulasjon. Sekvensen **po** representerer elles rune 3 og 4 i fuþorken, men med den plasseringa runene har på gjenstanden, er det heller ikkje god grunn til å sjå innskrifta som ein ufullført fuþork. Det kan elles vera grunn til å minna om at det finst bevart tre eigarmerke med den same sekvensen, to frå Bergen (N740 og 741) og eitt frå Trondheim (N800). Vi kan såleis ikkje sjå heilt bort frå ein mogleg samanheng her. Denne gjenstanden er likevel ikkje utforma på ein slik måte at han kan identifiserast som eigarmerke av det slaget vi elles har så mange av i materialet. Spørsmålet om tyding og funksjon synest difor å måtta bli ståande ganske oppe i dette tilfellet. Sekvensen **po** finst også i N597 Myklebostad i Romsdal. Innskrifta der står på ei kiste, ei såkalla kornbøre, og er der tolka som initialar (personnamn plus patronymikon).